

forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Statens Vegvesen

Dato: 21.10.2019

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **Husbrenning – brannøving eller sparetiltak for vegmyndighetene som forureinar ?**

Vi viser til pressemelding frå Statens Vegvesen den 08.10.2019 om Statens vegvesen har avtalt med Molde brann- og redningsteneste at boligar og andre bygningar som er innløyst i høve med bygging av ny E39 Lønset-Hjelset kan brukast som øvelseobjekt. Vi viser også til radioinnslag i NRK Møre og Romsdal den 15.10.2019.

Det er eit fole fokus på forsøpling og forureining i tida. Mykje knytt til marin forsøpling og plast, men også knytt til kva som skjer på land og anna forsøpling enn plast. Dette med forsøpling/forureining av naturen skjer i mange former. Ein form er ulovleg brenning. Dette vere seg brenning av privat avfall i fjøra eller i ein elvedal, i landbruket eller i næringsverksemd av ulik storleik. Fellesnemnaren med desse ulovlegheitene at det brennast noko som vi har eit system for å ta vare på på beste måte ut frå eit heilheitsomsyn. Innføring av tvungen renovasjon på 90-talet skulle jo også løyse mellom anna alle brenningane i privat og næringsliv til beste for folk og natur.

I Norge for nokre år sidan tennte vi på utan å vite kva gale vi gjorde. No veit alle at det ikkje er greitt å tenne på anna enn reint virke. Slik vi har forstått dette er det berre tillatt å brenne reine tremassar. Anna som papp, plast, isopor, bildekk, impregnert materiale, møblar, organiske produkt, nedrevne hus og bygningsavfall er eksempel på masser som ikkje må brennast. Det er jo nett difor brannvesenet i mange kommunar sjekkar sankthansbåla for at det ikkje blir brent ureint virke av tre og anna avfall der. Ein kan jo lure på motivet for at nokon i dag framleis tenner på avfallet sitt, men økonomi i form av at ein slepp rekninga frå renovasjonsselskapet kan vel fort vere hovudårsaken.

Røyken frå husbrenning, sjølv etter miljøsanering, forstår vi er skadeleg både for miljøet og folk si helse. Røyken frå all brenning kan føre til alvorlege helseproblem for mange


---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)

[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

som strever med astma og allergi. Mange får auka pustebesvær og i verste fall akutte astmaanfall.

Vi forstår at brann-Norge, proffe eller dei frivillige, må trene på bygningsbrann. Slik sett vil jo desse 26 stk tomme (?) bygningskroppane fungere. Samstundes ser vi at på eks flyplassane har dei laga eige øvingsområde (dei tenner ikkje på eit brukt fly kvar gong dei skal øve), i tunellane har dei laga eige øvingsområde og sikkert i fleire andre retningar. Er det kanskje ein tanke å lage faste øvingsområde for husbrannar i området her i staden for å tenne på stadige nye bygningar ?

Vi har forstått at desse omtala 26 bygningskroppane skal sanerast i høve til ny E39 Lønset-Hjelset og at dette er i tråd med den godkjente plana. Men er det nokon som har vurdert om bygningane kan takast ned og brukast ein annan stad ? Er bygningane vore vurdert knytt til om musea, frivillige organisasjonar, næringslivsaktørar eller private kan sjå seg nytte i bygga heile eller i delar ? Gjenbruk er jo i tida og bør jo vere det her også.

Dei grøne organisasjonane i fylket vårt har omsut for ein rein natur. Når ein veit kva konsekvensar brenning har for å spreie miljø- og helseskadelege stoff er dette grunn nok til å handle. Vi meiner at sjølv om desse 26 bygningane er tømt for miljøfarlege stoff så er det vel eks framleis maling på veggane ? Ein mala trebit er jo ikkje lov å brenne for vanleg folk heller og skal leverast til renovasjon. Vi meiner at dette har med ålmenta si haldning til brenning å gjere og kva meiner folk om at det offentlege gjer det vanlege folk får nei til.

### Konklusjon

FNF Møre og Romsdal ber Statens Vegvesen om å gjere greie for kva slags vurderingar som er gjort i høve til brenning av dei 26 bygningane på ny E39 Lønset-Hjelset. Vidare ber vi om å få innsyn i avtalen gjort mellom partane og kva økonomi som ligg i dette.

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:  
Molde Brannvesen  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal